



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2781 - 18/18003

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
14.09.2018

1/104 Loftås - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av einebustad og garasje - søknad om mellombels bruksløyve for delar av tiltaket - vedtak

Administrativt vedtak. Saknr: 234/18

Tiltakshavar: Arkobygg AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.01.2018 saknr. 001/18.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Permanent sikring mot veg.
2. Oppføring av garasje med sportsbu.

Mellombels bruksløyve gjeld følgjande delar av tiltaket: oppført einebustad.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.03.2020.

Det vert elles synt til søknad motteken 27.08.2018 med tillegg motteke 14.09.2018.

VURDERING

Kommunen legg til grunn at følgjande arbeid står att:

1. Permanent sikring mot veg.
2. Oppføring av garasje med sportsbu.
3. Dokumentasjon som syner at vilkår nr. 6 i vedtak av 02.01.2018 saknr. 001/18, jf. sakID 16/1693 er tilfredsstillt.

4. Dokumentasjon som syner at vilkår nr. 7 i vedtak av 02.01.2018 saknr. 001/18, jf. reguleringsføresegn § 2.1.4 er tilfredsstilt. Dokumentasjonen må syne innmålt gjerde.
5. Utomhusplan og framdriftsplan som syner opparbeiding og ferdigstilling av f_LEIK09, jf. reguleringsføresegn § 3.7, jf. § 2.1.1 (Loftås B5-B9 planID 2012003), jf. brev av 31.08.2016 frå Arkoconsult AS om leikeplassar Loftås felt B5-B9.

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Gnr. 1, bnr. 104, Loftås.
Bygningstiltak:	Oppføring av einebustad og garasje.
Bygningsnummer:	300666029

Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for oppført einebustad på gnr. 1, bnr. 104, Loftås på følgjande vilkår:

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: oppført einebustad.**
2. **Frist for å sende inn dokumentasjon som syner at vilkår nr. 6 i vedtak av 02.01.2018 saknr. 001/18, jf. sakID 16/1693 er tilfredsstilt er 08.10.2018.**
3. **Seinast ved søknad om ferdigattest må det sendast inn dokumentasjon som syner at vilkår nr. 7 i vedtak av 02.01.2018 saknr. 001/18, jf. reguleringsføresegn § 2.1.4 er tilfredsstilt. Dokumentasjonen må syne innmålt gjerde.**
4. **Frist for å sende inn utomhusplan og framdriftsplan som syner opparbeiding og ferdigstilling av f_LEIK09, jf. reguleringsføresegn § 3.7, jf. § 2.1.1 er 31.05.2019.**
5. **Ferdigattest skal liggje føre innan 01.03.2020."**

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attstående arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

